

## Reviderte vedtekter for Fitjar soknerådsbarnehage Bakken.

### 1. Eigartilhøve

Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage står som eigar av denne barnehagen. Eigaren sine oppgåver ligg på eigarstyret i stiftinga.

Det daglege ansvaret for drifta er delegert til styrar for barnehagen.

Barnehagen byggjer si verksemd på Den norske kyrkja sin grunn.

Barnehagen skal drivast i samsvar med : Lov om barnehagar med forskrifter, Rammeplan for barnehagen, lokal barnehageplan, årsplan for barnehagen, gjeldande vedtekter og anna relevant lovverk.

### 2. Føremålet

Frå §1 Lov om barnehagar:

#### § 1. Formål

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

*Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet,*

*nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg sjølv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.*

*§ 1 a : Eigar kan i vedtektene fastsette særlege bestemmelse om tros- eller livssynsformål.*

Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi borna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid.

### 3. Innhald

Frå § 2 Lov om barnehager

#### § 2. Barnehagens innhald

*Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.*

*Barnehagen skal gi barn mulighet for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter.*

*Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.*

*Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.*

*Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.*

*Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.*

*Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette årsplan for den pedagogiske virksomheten.*

#### **4. Barn og foreldremedverknad**

Frå § 3 og § 4 Lov om barnehager

##### **§ 3. Barns rett til medvirkning**

*Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.*

*Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.*

*Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.*

##### **§ 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg**

*For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.*

*Foreldrerådet består av foreldrene/ de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter §15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.*

*Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/føresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikkje med fleire representanter enn hver av de andre gruppene.*

*Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.*

I Fitjar soknerådsbarnehage er samarbeidsutvalet sett saman av 2 representantar frå kvar gruppe: dei tilsette, foreldra og eigar. Styrar er sekretær utan stemmerett, viss denne ikkje er vald representant frå dei tilsette.

#### **5. Opptaksmynde**

Barnehagane i Fitjar har felles opptakssystem. Barnehagekonsulent har det praktiske ansvar for gjennomføring av samordna opptak i kommunen ved hovudopptak i samarbeid med styrar. Rådmann er klageinstans. Klagefrist er 3 veker frå ein mottek melding om vedtak. Supplerande opptak er styrar sitt ansvar.

## 6. Opptakskrets og rett til plass

Barn frå heile Fitjar kommune tilhøyrrer opptakskretsen til Fitjar soknerådsbarnehage. Barn frå andre kommunar kan få plass dersom det er ledige plassar etter opptak.

Kommunen er pålagt å tilby alle eittåringar fødte før 1.desember barnehageplass ved hovudopptaket pr. 1.august jf:

### § 12 a. Rett til plass i barnehage

*Barn som fyller ett år senest innen utgangen av november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.*

## 7. Opptaksperiode

Opptak av barn går føre seg heile året, men plassane for hovudopptak vert lyst ut i februar.

Søknadsfristen er 1.mars kvart år.

Dei som ynskjer å byta barnehage, må søkja på nytt ved hovudopptak.

Dersom ein ynskjer endring av plassen internt i barnehagen fyller ein ut skjema i gjeldande barnehage. Styrar stadfestar plass og opphaldstid. Gamal skuld til barnehagen må vera betalt før ny plass kan verta tildelt.

## 8. Opptakskriterie

Prioritert i høve:

| Kriterie  | Krav til dokumentasjon  |
|---|---|
| Barn med funksjonshemming<br>Jf. Barnehageleva §13  | Sakkunnig vurdering frå PPT og/eller sosiale/medisinske institusjoner                       |
| Barnehageplass som ledd i førebyggjande tiltak etter lov om barneverntenester § 4-4               | Vedtak frå barneverntenesta med underskrift av sosialsjef eller leiar frå barneverntenesta. |
| Rett til barnehageplass jf.§12a   | Born fødd før 01.12   |
| Barn med føresette og/eller søsken som lir av kroniske og/eller alvorleg sjukdom/funksjonshemming | Skriftleg attest frå lækjar/psykolog ved sosiale/medisinske institusjonar                   |
| Barn av tilsette i barnehagen   |   |
| Barn av einsleg forsyntarar som er i arbeid eller går på skule                                    | Må dokumenterast frå arbeidsgjevar eller utdanningsinstitusjon                              |
| Søskenprioritet   |   |

Utanom hovudopptak tek styrar inn born etter kvart som det er ledige plassar. Styrar tek omsyn til alder, gruppesamansetning m.m.

## 9. Opphaldstid og betalingsreglar

Når eit barn får plass, får det behalda plassen til barnet byrjar på skulen eller den vert sagt opp av foreldra. Føresette til alle born som byrjar i barnehage må levera ei erklæring om barnet si helse før det tek til i barnehagen, jf:

### § 23. Helsekontroll av barn og personalet

*Før et barn begynner i barnehage, skal det legges fram erklæring om barnets helse.*

*Dersom barnet har møtt til de ordinære undersøkelser på helsestasjon, kan slik erklæring gis av barnets foresatte.*

I bruksåret gjeld ei gjensidig oppseiingstid på 1 måned frå den 1. i påfølgande måned. Oppseiinga skal gjerast skriftleg til barnehagen. Det må betalast for heile oppseiingstida. Ved manglande betaling blir det sendt ut varsel om oppseiing saman med første gongs betalingsvarsel. Dersom betaling ikkje er motteke innan fristen i betalingsvarselet fell plassen bort.

Endring av opphaldstid/ permisjonar i løpet av bruksåret vert til vanleg ikkje gjeve, men kan vurderast i særskild høve. Styrar avgjer søknaden.

Foreldrebetaling for ein barnehageplass skal ikkje setjast høgare enn maksimalgrensa, jf. Lov om barnehagar §15 og forskrift til foreldrebetaling i barnehagar §1. Betaling for kost kjem i tillegg. Maksimalgrensa blir fastsett i Stortinget i samband med årleg budsjettvedtak.

### **§ 3. Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar**

*Kommunen skal sørge for at foreldre/føresatte tilbys minimum 30% søskenmoderasjon i foreldrebetaling for 2. barn og minimum 50% for 3. eller fleire barn.*

Reduksjonen skal bli tilbode og i dei tilfelle der søsken går i forskjellige barnehagar innan same kommune. Ved låg betalingsevne har ein rett på redusert foreldrebetaling. Skjema for å søkja om dette finn ein på kommunen si nettside.

## **10. Opningstider**

Opningstida i Fitjar soknerådsbarnehage er kl. 06.45 til 16.30

Ferielukking: Fitjar soknerådsbarnehage kan ha stengt 4 veker om sommaren, hovudsakleg i juli måned. Barnehagen er stengt på laurdagar, julaftan og planleggingsdagar. Nyårsaftan og onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl. 12.00. Barnehagen har tariff-festa 37,5 timar pr. år til planleggingstid. Planleggingsdagane skal mest mogleg leggast til dagar der det også er skulefri. Sjå elles barnehageruta.

## **11. Leike og opphaldsareal**

Rettleiande norm for leike- og opphaldsareal inne er 4 kvadratmeter netto pr. barn over 3 år, og om lag 1/3 meir pr barn under 3 år. Når eigar finn at tilhøva ligg til rette for det, kan det gjerast mindre avvik frå norma.

## **12. Vedteker**

Endring av desse vedtektene må godkjennast av styret for Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage. Samarbeidsutvalet skal ha saka til uttale.

Uttale frå samarbeidsutvalet. Fitjar, dato 15.10.14

Revisjon godkjent av styret for stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage. Fitjar, dato 15.10.14

Revidert etter gjeldande lovverk av styret for stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage.

Fitjar, dato: 13.09.2018

